Ryfylke vassområde

NOTAT 10.09.2026

Kari Tone Foldøy

Kartlegging av kjempespringfrø - Saudasjøen




Bakgrunn

Kjempespringfrø (*Impatiens glandulifera*) er ein framandart som er kjend frå området kring Saudasjøen i Sauda kommune, særleg ved Rødstjørna. Arten har vore omtalt i lokalavisa Ryfylke tilbake i 2019, då førekomsten ved Rødstjørna vart kjend.

I september 2026 gjennomførte Asplan Viak kartlegging av framandartar i delar av Sauda kommune, mellom anna i nærleiken av Svandalsvegen, rundt Rødstjørna og langs Storelva. Under kartlegginga vart det registrert alle typar framande planteartar, og det vart kun funn av kjempespringfrø ved Rødstjørna.

For Ryfylke vassområde var det ønskeleg å få ei nærare kartlegging av utbreiinga til kjempespringfrø også i området nedanfor Rødstjørna og vassdraga som drenerer mot Saudafjorden. Dette for å danne grunnlag for ei vurdering av omfanget av førekomsten og det potensielle spreiingsomfanget i området.

Tidlegare registreringar av kjempespringfrø frå Artskart viser at arten er utbreidd rundt Rødstjørna, samt nokre andre lokalitetar (figur 1). Registreringane dannar eit viktig grunnlag for kartlegginga som vart gjennomført. Den første registreringa på Artkart var i 2021. Frå dette kartutsnittet er det tatt med dei nye registreringane frå Asplan Viak si kartlegging rundt Rødstjørna.



Figur 1. Oversikt over registrerte funn av kjempespringfrø frå Artskart (Henta 14.09.2026 frå artskart.artsdatabanken.no)

Områdebeskriving

Saudasjøen ligg sørvest for Sauda sentrum. Kartlegginga var gjennomført langs bekkedrag nedstraums frå Rødstjørna og Fosstveitdammen, der det tidligare er registrert kjempespringfrø. Området omfattar hovudsakeleg fuktige kantsoner, bekkar og anna vegetasjon som kan fungere som eigna habitat og spreiingsveg for arten.


Området rundt sjølve Rødstjørna vart ikkje kartlagt i denne undersøkinga, då dette området vart undersøkt av andre. Kartlegginga omfatta derfor hovudsakeleg bekkedrag og vegetasjonssoner nedanfor Rødstjørna og Fosstveit.

Metode

Kartlegginga vart gjennomført ved synfaring i felt 10. september 2026. Området vart undersøkt til fots (figur 2), og førekomstar av kjempespringfrø vart registrert fortløpande på utskrivne kart. Registreringane omfattar både enkeltplanter og større bestandar.

I område der tilkomsten var vanskeleg eller oversikta god, vart det nytta kikkert for å undersøkje vegetasjonen frå avstand. Registrerte førekomstar vart deretter teikna inn på kart for å dokumentere utbreiinga av arten i kartleggingsområdet.

I tillegg til synfaring til fots, vart det også køyrt med bil i området, hovudsakeleg nede i Saudasjøen.



Figur 2. Oversikt over synfaringsområdet til fots i Saudasjøen 10. september 2026 (kart henta frå kommunekart.com)

Resultat


Det vart registrert kjempespringfrø i fleire område nedanfor Rødsatjørna og langs bekkedraga som drenerer mot Saudafjorden (figur 3). Dei største og tettaste bestandane som vart registrert under kartlegginga, vart observert i bekkedraga og vegetasjonssonene nedstraums på venstre sida frå

Rødsstjørna, og frå Fosstveit, ned til Risvollelva. Desse bestandane omfatta større samanhengande førekomstar med mange plantar.

Vidare vart det registrert fleire mindre førekomstar langs bekkedrag, grøfter og kantvegetasjon. I enkelte område vart arten berre registrert som spreidde plantar eller enkeltindivid. Registreringane viser likevel at arten er utbreidd i store delar av kartleggingsområdet og at førekomstane i stor grad følgjer vassdraga.

Ved synfaring med bil i nedre del av Saudasjøen, blei det ikkje observert kjempespringfrø.

Det må understrekast at den kartlagde utbreiinga truleg ikkje gir eit fullstendig bilete av førekomsten i området. Fleire bekkedrag og vegetasjonsbelte har tett kratt- og buskevegetasjon som gjorde det vanskeleg å oppdage alle plantar frå tilgjengelege observasjonspunkt. Det kan derfor finnast førekomstar som ikkje vart registrert under synfaringa.



Figur 3. Oversikt over område med kjempespringfrø registrert i felt 10. september 2026 (kart henta frå kommunekart.com)

Alle observasjonar har blitt ført inn på artsobservasjoner.no som polygon eller enkeltpunkt.

Vurdering av utbreiing

Kartlegginga viser at kjempespringfrø er godt etablert i området nedanfor Rødstjørna og Fosstveit. Førekomstane er i stor grad knytte til bekkedrag, grøfter og andre fuktige områder, noko som er typisk for arten. Registreringane strekkjer seg fleire stader nedstraums frå dei truleg opphavelege førekomstane.

Det registrerte mønsteret tyder på at vatn er ein viktig spreiingsveg i området. Frø kan transporterast med bekkar og flaumvatn og etablere nye førekomstar lengre ned i vassdraget. Sjølv om fleire av registreringane berre omfattar enkeltplanter eller mindre grupper, kan slike førekomstar fungere som utgangspunkt for vidare spreiing dersom dei får utvikle seg over fleire år.

Den kartlagde utbreiinga må reknast som eit minimumsanslag. Fleire område med tett kratt- og buskvegetasjon var vanskelege å undersøkje fullt ut, og det kan derfor finnast førekomstar som ikkje vart registrerte under synfaringa. Den faktiske utbreiinga i området kan såleis vere større enn det kartlegginga viser.


Det vart ikkje registrert kjempespringfrø i den nedre delen av Saudasjøen ved synfaring frå bil, noko som kan tyde på at førekomstane i hovudsak er knytt til bekkedraga nærare Rødstjørna og Fosstveit.


Truleg er det berre eit tidsspørsmål før arten blir registrert i Sauda dersom det ikkje blir gjennomført tiltak.

Vedlegg





Bilde frå Ringhagen, nærleik av bekk nedstrøms Rødstjørna



Bilde ved Risvollelva på andre sida av skuleområdet

Bilde ved Risvollelva ved tursti på andre sida av Nesøyra